

Fryktar å verta utestengde frå hyttene vinterstid: – Då vil det verta mange hytter til sals, og få kjøparar



HAMLAGRØVATNET: Naturperla som høyrer heime i Voss og Kvam herad, vil vera inntaksmagasinet til det som har fått namnet Dale III kraftverk. Foto: Eviny / Jarle Hodne

Avisa Hordaland: 03.07.25 04:00 [Marie Haga](#)

Redusert framkomst vinterstid, større svingingar i vasstanden og båtproblem er blant bekymringane til folk i samband med utbygginga av det nye kraftanlegget Dale III.

Planane for det nye kraftverket Dale III, der Hamlagrøvatnet er planlagt som magasin, har skapt uro blant folk med tilknytning til området.

Førre veke møttest kraftselskapet Eviny og fleire interesseorganisasjonar knytt til Hamlagrøvatnet for å diskutera planane. Her var det fleire som tok til ordet for å lyfta fram bekymringane deira.

Ei av dei største bekymringane kom frå Kyrkjevika hyttelag. Dei fryktar at effektkøyringa vinterstid vil gjera isen meir ustabil, og at dette vil påverka framkomsten til hytta.

– De må tenkja på at det er mange som har hytte på oppsida av vatnet, og dersom me vert utestengde frå hytta i eit halvt år på grunn av usikker is, så vil det verta mange hytter til sals, og få kjøparar, uttrykte ein av hytteeigarane under møtet.

Her har dei hytte: [Klikk for å utforske kartet](#) © Geodata AS

– Isen må reknast som usikker

Totalt er det 82 veglause hytter og stølshus i Kyrkjevika. Når isen er stabil vinterstid tek dei seg fram til hytta ved å passera dei vel to kilometrane det er over Hamlagrøvatnet. Når dette ikkje er tilfellet vert det ein lang omveg i terrenget rundt vatnet, noko som ifylgje hyttelaget kan utgjera mellom 15 og 25 kilometer i terrenget.

Eviny svarar at is og ferdsel er noko dei har sett på, men at dei ikkje kan gjera noko med tryggleiken til isen.

– Hamlagrøvatnet er regulert til kraftproduksjon. Difor må isen om vinteren alltid reknast som usikker, og ferdsel skjer på eige ansvar, uttrykkjer Svenn Rognås, leiar for divisjon Anleggsforvalter i Eviny.

Han legg også til at klimaendringane har gjort isforholda endå dårlegare.



EVINY: Svenn Rognås (t.v.) har forståing for at reguleringa av vatnet fører til ulemper for folk i området, men fortel at Eviny held seg innafor det konsesjonen tillet. Her saman med kommunikasjonsrådgjevar Jarle Hodne, og seksjonssjef Sigve Næss. Foto: Marie Haga

Dette er prosjektet:

- Det nye kraftverket, med namnet Dale III, vil liggja skjult inne i fjellet. Planen er å bruka Hamlagrøvatnet som inntaksmagasin og ha utløp i Dalevågen.
- Dale III vil ha ein effekt på mellom 320 og 420 MW.
- Det er i dag alt tre kraftverk knytt til Hamlagrøvatnet: Kaldestad, Fosse og Dale. Dersom Eviny får gjennomføra planen om Dale III, vil det verta mindre produksjon i dei eksisterande kraftverka i området.
- Selskapet håpar å søkja konsesjon for bygging i løpet av året, eventuelt tidleg i 2026.
- Dersom dei får gjennom planen slik dei ynskjer, kan kraftverket vera i drift om fem til seks år.

Les meir om prosjektet her:



[Les også Eviny med store planar: Skal byggja ein over 20 km lang tunell frå Hamlagrøvatnet](#)

Øydelagde båtar

Randi Nestås Giljarhus, som har hytte på Øysaset, har alt fått kjenna på konsekvensane varierende vasstand kan føra med seg.

Ho har fått fleire båtar øydelagde oppgjennom åra, og seinast i fjor sommar mista ho ein kano.

- Kanoen var biten fast, men vasstanden var veldig høg, og bylgjene gjorde at han vart sliten laus. Kanoen vart seinare funnen øydelagd på andre sida av vatnet, forklarar ho.
- Ho meiner dette ikkje hadde skjedd dersom dei hadde blitt informert om når Eviny tappar magasinet.
- Dersom eg hadde visst at vatnet skulle veksa så fort utan at dei hadde tappa det, så hadde eg redda kanoane, seier ho frustrert.



STRANDA KANO: Denne kanoen er på avvegar i forhold til kvar han høyrer til, men han ser ut til å ha sloppe unna utan for hard medfart. Andre båtar har ikkje vore like heldige. Foto: Privat

– Veldig vanskeleg

På møtet fremja difor Nestås Giljarhus eit ynske om å få eit førevarsel på når magasinet skal tømmast, men her svara Eviny kjapt at det ikkje er praktisk mogleg å gjennomføra.

– Det er veldig vanskeleg å få til, sidan me kan ikkje føresjå når forbruket er størst, og behovet er difor ofte til stades før me veit det sjølve, forklarar Rognås.

Likevel meiner Nestås Giljarhus at det hadde vore fint om dei la ut ein beskjed når dei startar tappinga. Dersom vasstanden held fram like uføreseieleg er ho redd dette ikkje er siste båten ho mistar.

– Sjølv sagt er me redde for at dette skal skje igjen, uttrykkjer ho.

– Hadde ikkje sjanse

Elles fremja folk på møtet at sterkt nedtappa vatn i sommarhalvåret hindrar folk i å bruka båtane sine. Dei fortel at det på sommaren ofte vert tappa brått og mykje slik at ein ofte må dra båten mellom 20 og 30 meter før dei kan ta han i bruk.

Nestås Giljarhus fortel at vatnet i førre veke var så lågt at ho måtte dra båten 26 meter for å koma ned til vatnet.

– Eg hadde ikkje sjanse å få han ut åleine, fortel ho oppgjeven.

Ho tykkjer det er vanskeleg å planleggja kvar ho skal festa båten for at det skal vera mogleg å komma seg på vatnet både ved høg og låg vasstand.



LANG VEG:

Når Hamlagrøvatnet er nedtappa, er det lang veg for hyttefolket å få båten til vatnet. Foto: Arkivfoto/Anne Berit Røthe Klette

– Det er så uføreseieleg med høgda. Dersom me hadde visst meir når dei tappar og ikkje, så hadde me hatt betre kontroll, uttrykkjer ho.

– Me forstår at det er utfordringar

Eviny fortel at dei på generelt grunnlag opplever å ha ein god dialog med hyttefolk i området.

– Me forstår at det er nokre utfordringar knytt til vår regulering av vatnet. Samstundes har myndigheitene gjeve løyve til kraftproduksjon i dette området fordi det gjev stor nytte for samfunnet, og her har ein også teke med i vurderinga at dette medfører nokre ulemper. Me har halde oss innafor det konsesjonen tillèt, og då er det hytteeigar sitt ansvar å ta vare på båtar og andre verdiar, seier Rognås.

Han fortel at det har blitt ein større ubalanse mellom forbruk og produksjon, og at det nye kraftverket vil bidra til å jamna ut dei høgaste pristoppene.

– Mangel på effekt er eit problem i dagens kraftsystem. Når ein skal henta uregulert energi så er ein avhengige av at sola skin og at vinden bles, og då vil ikkje alltid energien vera tilgjengeleg når behovet er størst. Difor treng me eit kraftsystem som er meir fleksibelt. Dei nye kraftverka me ser på no kan produsera mykje når det er stort behov, fortel Rognås.

Urolege for vasstanden

Med utgangspunkt i utfordringane varierende vasstand fører med seg, er Hamlagrøvatnets Vel uroa for at vasstanden kjem til å svinga meir med det nye kraftverket. Dei skulle helst sett at vasstanden vert meir stabil enn han er i dag.

Eviny avviser at det nye kraftverket vil føra til auka svingingar i vasstanden.

– Eit nytt kraftverk vil ikkje føra til at vasstanden svingar raskt opp, men me vil få større kapasitet til tapping når me produserer meir kraft. Ved maksimal tapping kan skilnaden frå i dag utgjera om lag 35 centimeter over eit døger, men i praksis vil det verta endå mindre, fortel Rognås.

Han understrekar også at auka kapasitet på tappinga vil redusera risikoen for overløp i Hamlagrøvatnet, og samstundes redusera flaumfaren på Dale.



HØG VASSTAND: Hamlagrøvatnet slik det kan vera når det er fylt opp. Foto: Arkivfoto/Rønnaug Skjeldal

Høgare vasstand sommarstid

Hamlagrøvatnets Vel ynskjer at vasstanden skal vera tre meter frå fullt gjennom sommaren, éin meter opp frå dagens kote. Normalvasstanden i Hamlagrøvatnet er på kote 588, og sommarstid har Eviny høve til å tappa ned til kote 584.

Gjennom miljørevisjonen har Eviny søkt om å auka den generelle sommarreguleringa av Hamlagrøvatnet med ytterlegare to meter. Selskapet grunngjev forslaget med at dei ynskjer større fleksibilitet og mindre flaumtap i vassdraget. Då dette forslaget kom opp, fall det ikkje i god smak hjå Hamlagrøvatnets Vel.

– Det vil utgjera stor forskjell i korleis strandlinja er der oppe. Sjølv ved fire meter er det ganske mykje som ligg som månelandskap, fortel Gudmund Skjeldal frå Hamlagrøvatnets Vel. Han var difor bekymra for kva kote som låg inne i dagens planar.

– De har tidlegare bede om å få tappa seks meter i staden for fire meter. Kva er det som ligg inne i planane no?

– Me har i dag eit krav om å halda vasstanden over kote 584 om sommaren, altså variera innafor fire meter under fullt magasin. Det er dette me har lagt til grunn i planlegginga av det nye kraftverket. Simuleringar viser at eit nytt kraftverk vil gje høgare vasstand store delar av året enn me har i dag, og litt lågare i ein periode på vinteren, seier Rognås.



MÅNELANDSKAP: Det nedtappa Hamlagrøvatnet, som eit månelandskap som skulle vore dekt av vatn. Foto: Arkivfoto/Mette Jacobsen


[Les også Aksjonsgruppe går til kamp for å heva vasstanden her: – Ser ut som eit månelandskap](#)

Redusert flaumrisiko

Under møtet fekk dei frammøtte sjå ein illustrasjon av korleis magasindisponeringa vil vera med Dale III samanlikna med dagens tre kraftverk.

Her kan ein sjå at vasstanden ligg høgare gjennom store delar av året samanlikna med kva grunnlinja er i dag.

– Med Dale III har me betre kontroll sjølv når vasstanden er høg. Dette gjer at vatnet kan liggja med ein høgare tilstand og meir stabilt enn utan dette kraftverket, presenterer Kristina Lysen, Energiforvaltar i Eviny.



GRAF: Slik vil magasindisponeringa vera i Hamlagrøvatnet gjennom året. Den blå linja syner korleis vasstanden vil vera ved Dale III, medan den grøne linja viser korleis det er i dag utan dette kraftverket.

Dette skal gje både betre kapasitet og fleksibilitet.

Dagens kraftverk har ein kapasitet til å redusera vasstanden med 30 centimeter i løpet av eit døger, medan kapasiteten ved Dale III vil verta auka til 70 centimeter. Den auka tappemoglegheita vil dermed redusera risikoen for flaum.

– På Dale er risikoen for ein 50-årsflaum alt redusert til ein 10-årsflaum. Gjennom Dale III, som er eit kraftverk med stor kapasitet og utløp til sjø, vil risikoen verta redusert ytterlegare, fortel Rognås.

Sidan det nye kraftverket vil få utløp i fjorden, vil det også verta betre forhold for laksen i Daleelva, framhevar Eviny.

– Avhengige av lokal tillit

Eviny har dei siste månadane hatt møte med ei rekkje lag og organisasjonar, i tillegg til offentlege myndigheiter. Seksjonssjefen fortel at dei er nøgde med innspela dei har fått inn så langt.

– Me har fått inn nyttige innspel og vil ta dei med oss i det vidare arbeidet. Me er avhengige av lokal tillit og aksept, og det er viktig å starta dialogen tidleg for at me skal få til eit best mogleg prosjekt, fortel Rognås. Selskapet håpar å søkja konsesjon for bygging i løpet av året, eventuelt tidleg i 2026.

Dersom dei får gjennom planen slik dei ynskjer, kan kraftverket vera i drift om fem til seks år.

– Men tidsestimatet er avhengig av kor lang tid myndigheitene brukar på handsaming av konsesjonssøknaden, fortel divisjonsleiaren.